



Selma Eik med eit stilig plagg

Den gamle hekleteknikken pjoning er lettare enn strikking, den er meir avslappande. Det slo deltakarane fast då dei møtte til demonstrasjon i pjoning i regi av helselaget i Gamleskulen i kveld. Diverre møtte det berre 5 pjonarar og ein får vel leggja mykje av skulda for det på haustferien som fristar til andre aktivitetar.



Berit Myklebust bistår Eli Roseth Eik

Men dei 5 symboliserte at pjonging er noko for folk i alle aldrar, ettersom den yngste var 7 og den eldste 77! Kurs i pjonging er heller ikkje noko nytt i Uskedalen, det vart freista fyrste gongen for mange år sidan og då var oppslutnaden god. Det kan den framleis verta også denne gongen, 4. november er det nytt lagsmøte og då står pjonging på programmet att.

Laget er også godt rusta med omsyn til instruktørhjelp, det

viste Berit Myklebust ikveld. Ho kunne presentere ei fin produksamling laga med denne teknikken. Det er forresten ikkje naudsynt med dyrt utstyr heller- det er nok med ei vanleg heklenål i størrelsen 4-5.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Berit har all ære av denne produksjonen!